

Hordaland fylkeskommune

15 FEB 2018

Anders Fjell
Nordhaugvegen 20A
5363 Ågotnes

07.02.2018

Hordaland Fylkeskommune
Pb 7900
5020 Bergen

KLAGE PÅ VEDTAK

Eg vil med dette klage på vedtak av omlegging av utkjørsel frå Nordhaugvegen til FV211 orientert om i skriv motteken den 17.01. For det første er det ikkje synleggjort for pårørte partar grunnlag for/krav som utløyser behov for ny utkjørsel, og naboar stiller seg uforståande til at dette skulle vere naudsynt. Utkjørsel er per i dag oversiktleg og skulle såleis ikkje ha behov for omlegging. Største problem med varsla omlegging er at denne vil i realiteten hindre tilkomst til eigedommar vinterstid.

Bakken frå hovedvegen er bratt, og med varsla omlegging vil vinkel frå avkjørsel frå hovudveg føre til sterkt redusert hastighet og framkommelighet vinterstid. Omlegging av veg bør gjerast der det er behov for betre framkommelighet og bør ikkje føre til uforholdsmessig ulempe for brukarar og involverte partar. Avskåren tilkomst til eigedommar syner for meg å vere ei urimeleg stor belastning for involverte partar og vedtaket bør dermed omgjerast. Utkjørsel fungerer slik den står i dag, og det vil den også gjere ved utbygging på fleire tomter.

Mvh



Anders Fjell